

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Maud Sleire Holmaas	FA-U63	23/154

Saknr	Utval	Type	Dato
029/2023	Formannskapet	PS	27.04.2023
020/2023	Kommunestyret	PS	04.05.2023

Søknad om serverings- og skjenkeløyve ved Stordalen Fjellstove

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Uttalelse serverings- og skjenkeløyve	07.03.2023
Skatteattest	02.03.2023
Søknad om serverings- og skjenkeløyve	14.02.2023
Oversiktsteikning av lokalet	14.02.2023
Oversiktsteikning av lokalet	14.02.2023
Fasadeteikning	14.02.2023
Ferdigattest gbnr 50/126	14.02.2023
Melding om vedtak - 18/478	14.02.2023
Oversiktsteikning av bygget	14.02.2023

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Sissel Trædal får serverings- og skjenkeløyve ved Stordalen Fjellstove, Bjørn West vegen 180, 5984 Matredal
2. Skjenking av alkoholhaldig drikke gjeld:
 - Alkoholgruppe 1: øl, cider og rusbrus med alkoholinnhold opp til 4,7 %
 - Alkoholgruppe 2: øl, vin og brennevin med alkoholstyrke mellom 4,7 % og 22 %
 - Alkoholgruppe 3: brennevin med alkoholstyrke opp til 60 %

1. Styrar for skjenkeløyvet: Sissel Trædal
2. Disse vert godkjend som styrar og avløyssarar for serveringsløyvet og skjenkeløyvet:

Styrar: Sissel Trædal, 5983 Haugsvær.

Avløyssar: Hans Henrik Fanebust, 5936 Manger

5. Løyvet omfattar desse lokala/uteareal ved Stordalen fjellstove:

Matsal, småstover og salong med uteterrasse i 2. etasje. Konferansesal 1. etasje med

uteområde ved utgang i kjellar. Skjenkearealet innandørs er på om lag 525 kvm og skjenkearealet utadørs er på om lag 120 kvm.

6. Skjenkeløyvet gjeld for øl, vin (alkoholgruppe 1 og 2) frå kl. 13.00 til kl. 02.00 og for brennevin (alkoholgruppe 3) frå kl. 17.00 til kl. 02.00.
7. For slutta selskap gjeld utvida løyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 frå kl. 17.00 til kl. 02.00.
8. Det er eit vilkår at det vert matsservering i både pubdel og kafeteriadel av lokala.
9. Skjenkeløyvet gjeld frå dags dato til og med 31.03.2024, jfr. alkohollova § 1-7.
10. Serveringsløyvet er uavgrensa av dato for denne eigaren og denne lokaliteten.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Sissel Trædal har sendt inn søknad datert 13.02.2023 om serverings- og skjenkeløyve ved Stordalen Fjellstove, Bjørn West vegen 180, 5984 Matredal.

Uttale

Søknaden om serveringsløyve og skjenkeløyve er sendt til Politiet i Nordhordland for uttale. Sosialtenesta ved NAV Fensfjorden er beden om å uttale seg til søknaden om skjenkeløyve.

Politiet har i brev datert 07.03.2023 ikkje merknader til at det vert gjeve serverings- og skjenkeløyve. Sosialtenesta ved NAV Fensfjorden har i brev datert 09.03.2023 ikkje merknader til at det vert gjeve skjenkeløyve.

Fakta

Stordalen Oppleving AS la ned drifta ved Stordalen Fjellstove 31.12.2022. Sissel Trædal ynskjer å driva Stordalen Fjellstove vidare i ein periode.

Vurdering

I e-post datert 25.01.2023 skriv Sissel Trædal at ho med hjelp av familien, i ein periode skal driva Stordalen Fjellstove for eigar.

Stordalen Oppleving AS har hatt skjenkeløyve i desse lokala i mange år. Drifta vart avvikla 31.12.2022. Det er positivt for kommunen at det er aktørar som ynskjer å halde drifta i gang ved Stordalen Fjellstove.

Søknad om serveringsløyve skal vurderast etter reglane i Serveringslova. Lova seier at alle som vil drive næring av serveringsverksemd må ha løyve frå kommunen, og at løyve skal gjevast dersom visse krav er oppfylt. Desse krava er:

- verksemda skal ha ein dagleg leiari som har dokumentert kunnskap om drift av slik verksemd gjennom ein etableringsprøve.
- dei som er involvert på eigar- og drivarsida skal ikkje ha gjort noko klandreverdige etter straffelova, skatte- og avgiftslov, rekneskapslovverket og likestillings- og diskrimineringslova.

Skjenkestaden er ikkje i nærrområde for barn og ungdom, slik det no er definert i Alkoholpolitisk plan. Her står det at : «Opphaldsstader og nærrområde for born og unge er definert som samlingsstader

som vert brukt til leik, aktivitetar i skule og/eller fritid.»

Prinsippet om likebehandling av skjenkesøknader skal stå sterkt, det same gjeld behovet for harmonisering av dei lokale skjenkevilkåra. Det skal gode grunnar for å ha vesentleg ulike opningstider mellom skjenkestadene eller aldersgrense for nokon men ikkje for andre. Dei som søker løyve får difor som hovudregel løyve innanfor dei skjenketidene som er skissert i Alkoholpolitisk plan. I alkoholpolitisk handlingsplan pkt. 5.1 er rammene for skjenkeløyve no sett til kl. 13.00 – 02.00 for alkoholgruppe 1 og 2, og frå kl. 17.00 – kl. 02.00 for alkoholgruppe 3. Dette gjeld no likt for alle skjenkestader.

Alle skjenkestadene er i større eller mindre grad ein del av det totale reiselivsproduksjonen i kommunen, sjå også pkt. 6 i alkoholpolitisk handlingsplan. Etablerte skjenkestader har også i denne løyveperioden utvida løyve i samband med lukka einskildarrangement eller såkalla slutta lag.

Løyvesøklar Sissel Trædal og avløyssar Hans Henrik Fanebust har gjennomført kunnskapsprøven i alkoholova for skjenking. Avløyssar Hans Henrik Fanebust har godkjent etablerarprøve for serveringsverksemd. Trædal skal innan kort tid gjennomføre etablerarprøven.

Konklusjon

Det vert tilrådd at Sissel Trædal får serverings- og skjenkeløyve ved Stordalen Fjellstove.

Formannskapet - 029/2023

FS - behandling:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

FS - vedtak:

1. Sissel Trædal får serverings- og skjenkeløyve ved Stordalen Fjellstove, Bjørn West vegen 180, 5984 Matredal
2. Skjenking av alkoholhaldig drikke gjeld:
 - Alkoholgruppe 1: øl, cider og rusbrus med alkoholinnhold opp til 4,7 %
 - Alkoholgruppe 2: øl, vin og brennevin med alkoholstyrke mellom 4,7 % og 22 %
 - Alkoholgruppe 3: brennevin med alkoholstyrke opp til 60 %
1. Styrar for skjenkeløyvet: Sissel Trædal
2. Desse vert godkjend som styrar og avløyssarar for serveringsløyvet og skjenkeløyvet:

Styrar: Sissel Trædal, 5983 Haugsvær.

Avløyssar: Hans Henrik Fanebust, 5936 Manger

5. Løyvet omfattar desse lokala/uteareal ved Stordalen fjellstove:

Matsal, småstover og salong med uteterrasse i 2. etasje. Konferansesal 1. etasje med

uteområde ved utgang i kjellar. Skjenkearealet innandørs er på om lag 525 kvm og skjenkearealet utadørs er på om lag 120 kvm.

6. Skjenkeløyvet gjeld for øl, vin (alkoholgruppe 1 og 2) frå kl. 13.00 til kl. 02.00 og for brennevin (alkoholgruppe 3) frå kl. 17.00 til kl. 02.00.
7. For slutta selskap gjeld utvida løyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 frå kl. 17.00 til kl. 02.00.
8. Det er eit vilkår at det vert matsservering i både pubdel og kafeteriadel av lokala.
9. Skjenkeløyvet gjeld frå dags dato til og med 31.03.2024, jfr. alkohollova § 1-7.
10. Serveringsløyvet er uavgrensa av dato for denne eigaren og denne lokaliteten.